

VINJE KOMMUNE  
Vinjevegen 192  
3890 VINJE

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
	Sak/dok.: 06/01641-224	01.12.2021
	Ark.: 326.12	

## Oppstart av klagesak 2021/530–534 – opphavleg namnesak 2020/316 og 2020/443 – Stadnamn på Hardangervidda i Vinje kommune

Statens kartverk gjorde den 19.10.2021 vedtak om mellom anna skrivemåtane *Urevatn*, *Urevassbekken*, *Bjønnurbotnin*, *Kostveitvatnet* og *Filleherbergvatni* i Vinje kommune. Vedtaket vart påklaga av Hardangervidda grunneigarsamskipnad ved leiar Johan Vaa, som ynskjer skrivemåtane *Urvatn*, *Kostveitvatn*, *Filleherbergvatn* og *Bjønnurbottinn/Bjønnurbottin*, jf. brev datert 25.11.2021. Vedtaket vart óg påklaga av Rauland Historielag ved Toril Nicolaisen som ynskjer *Urvatn*, jf. brev datert 24.11.2021.

Når det vert reist klagesak, skal saka gjennomførast på same måten som den fyrste runden i saka, jf. § 12 femte ledd i lov om stadnamn.

Kartverket sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn.

Saka gjeld fylgjande namn med variantar av skrivemåtar:

- *Urevatn/Urvatn* (vatn)
- *Urevassbekken* (bekk)
- *Bjønnurbotnin/Bjønnurbottinn/Bjønnurbottin* (botn) – saka gjeld skrivemåten av etterlekken *-botnin/-bottinn/-bottin*.
- *Kostveitvatnet/Kostveitvatn* (vatn) – saka gjeld skrivemåten av etterlekken *-vatnet/-vatn*.
- *Filleherbergvatni/Filleherbergvatn* (vatn) – saka gjeld skrivemåten av etterlekken *-vatni/-vatn*.

For fleire opplysningar om namnet/namna, sjå innsynsløysinga vår for SSR:  
<http://norgeskart.no/ssr/>.

### Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av m.a. naturnamn, nedervde gards- og bruksnamn og seternamn. Før me gjer vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigarar og festarar har rett til å uttala seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har serlig tilknytning til.

Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Difor bed me om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen.

■ [www.kartverket.no](http://www.kartverket.no)

Dersom namnet vert uttalt på ulike måtar, bed me om å få opplyst dei forskjellige uttaleformene.

### **Normeringsprinsipp**

I tillegg til å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, skal ein som hovudregel fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten av primærnamnet vil normalt vera retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 tredje ledd i lova. Kommunen må difor setja på vent eventuelt pågåande saker som gjeld adressenamn og adrestitleggsnamn, der dei same namna inngår, til det er gjort vedtak om skrivemåten av primærnamna. Kommunen må ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjera vedtak.

### **Vidare saksgang**

Kommunen har ansvaret for å kunngjera at klagesaka er reist, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å henta inn og samordna dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo* ([post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no)), med kopi til Kartverket. Språkrådet vil så gje endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er to månader frå dei får dette brevet.

Dersom klagaren ikkje får medhald i klagesaka, sender Kartverket saken vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker for endeleg avgjerd. Høyringssvar som er komne inn tidlegare, vil fylgja saka. Desse treng ein ikkje senda inn på nytt.

For opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namnefaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Med venleg helsing

Jon Arne Trollvik  
fylkeskartsjef

Linn Winnæss-Karlsen  
sakshandsamar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)  
[Forskrift om stadnamn](#)  
[Utfyllande reglar om skrivemåten av stadnamn](#)

Vedlegg: Vedtaksbrev datert 19.10.2021.  
Klage frå Hardangervidda grunneigarsamskipnadved Johan Vaa  
Klage frå Rauland Historielag ved Toril Nicolaisen

Kopi Johan Vaa  
Rauland Historielag  
Jon Arne Trollvik, LD - FKK Skien (LK2SKI)  
Maria Ellingsen, LD - FKK Kristiansand (LK2KRI)